



ORKDAL MENIGHETSBLAD

Nr. 2

FEBRUAR 1975

24. årgang

Organist i Øvre Orkdal

Orkland sokneråd har for eitt år tilbake foreslått opretta utvida organiststilling ved Orkland kyrkje. I stillinga er irekna leiing av kyrkjekor, barnekor, skolemusikk m. v. Det blir presisert at ei slik stilling vil styrke kyrkje- og kulturlivet i kommunens mindre sentrale strok. Det går rykter om at Orkdal kommune ser svært positivt på forslaget, og at stillinga er sett langt fram på prioritetslista. Kanskje ei flott 300 års gåve til kyrkjejubileet?

To ungdomssekretærer

vil truleg Orkdalsmenighetene få frå hausten av. Den eine vil bli stasjonert på Svorkmo i kombinert arbeid ungdoms/eldreomsorg, og den andre i Orkanger / Fannremområdet med spesialitet i Ten Sing. Begge er elles spesialinteressert i førskolearbeid, og begge to kjem frå det blide Sørland, nærare bestemt Arendal.

Tjønnåsen

Dette blir frå no av eit begrep for Svorkmospeidarane. Direktoratet for Statens Skogar har gått inn for at speidarane får leie Tjønnåsen i Bustadmarka, og attpåtil har dei sagt seg villige til å betale alle materialane til reparasjonar. Berre arbeidsinnsatsen og transport fell på speidarane.

Orkanger Menighetshus

er det ikkje skrive så mye om i det siste. Ingeniørkontor og Bygningsråd er svært så positive til innregulering av tomta. Problemet er ein «naboprotest» frå Orkla Samvirkeleg. Men vi trur dette skal bli ordna med det første. Prosjektet treng brei støtte.

På rett veg

Ingen av oss er fullkomne. Preikaren i Bibelen har rett: «Det finnst ikkje eit rettferdig menneske på jorda, som berre gjer godt og aldri syndar». Vi er berre på veg.

Visdomen skulle så lære oss til å spørre: Er vi på rett veg? Alle menneske bør ta seg ei stille stund kvar dag og tenke over livet sitt. Vi vil her gi to stikkord til hjelp: 1. Eg er ikkje rettferdig. 2. Eg kan bli tilgitt.

Det å vere på rett veg er å oppdage desse to punkta som sanne for seg, og så ta det til etterretning. Da blir det også naturleg å ta imot ei hand i si, og bli ført vidare jamvel om vegen framover ikkje er kjent.

Dette er å leve i nåden. Slik ser vi også at Guds hand handlar gjennom medmenneskers hender.

**GUD
FADER**
holder utkikk
etter deg for
å se om du
kommer til Ham
Han venter
på at du skal
legge din hånd
i Hans
Kommer du?

MB



SLEKTERS GANG

Døpte



Orkland.

12.1. Bjørn Steinshaug
26.1. John Ljøkjel

Kristin Svinsøyen
Camilla Venås.

Orkanger.

5.1. Cecilie Hansø
19.1. Øystein Solem.

Orkdal.

25.12.74. Terje Rafaelsen (Mære k.)

Døde



Orkland.

6.1. Arne Solbu f. 1974.
11.1. Marit P. Tronvoll f. 1903.

Orkanger.

31.12.74. Johannes Storm f. 1904.
11.1. Emma Gjølmesli f. 1886.
12.1. Hjørdis Kristiansen f. 1907.
13.1. Arthur Ludvig Venes f. 1900.
13.1. Line Veronica Hammer f. 1975.
19.1. Anton J. Bach f. 1897.

Orkdal.

17.1. Barbro Rønningsbakk f. 1886
19.1. Arnt E. Kvåle f. 1890
20.1. Randi Kastås f. 1884.

Alt i glassarbeid utføres
Bilruteservice

Orkdal
Glassindustri

Willy Haugen

Orkanger.

INNGANGSBØNNA (og litt til)

«Jeg er glad i vår høgmesse.»
La dette være mottoet for en serie småstykker om gudstjenesten «fra kirkebenk».

I lange tider var inngangsbønna bare ord for meg. Likegyldige ord som jeg hørte og likevel ikke hørte. Men så har jeg i moden alder oppdaget fler og fler av de skatter som både inngangsbønna og høgmesseliturgen gjemmer. Og siden har jeg kunnet si med en annen person: «Jeg fant, jeg fant! Og så kan andre spørre: hva fant du denne gangen da? Det vil si: i inngangsbønna? Jo, jeg fant et program for

Faste med mening

Er dette den faste jeg vil ha, en dag da mennesket tukter seg selv: å henge med hodet som sivet, kle seg i botsdrakt og ligge i aske? Kaller du dette for faste, en dag etter Herrens vilje? Nei, slik er fasten som jeg vil ha: at du løser dem som er urettferdig lenket, sprenger åkets bånd og slipper de undertrykte fri, ja, bryter hvert åk i stykker, at du deler brødet med dem som sulter, og lar hjemløse stakkarer komme i hus, at du kler en naken når du ser ham, og ikke nekter å hjelpe din nærmeste. Da skal ditt lys bryte fram som daggryet, og legedom snart spire fram. Din rettferd skal gå foran deg og Herrens herlighet følge deg.

Med disse orda av profeten Jesaja (58, 5-8) tilrår vi bruk av fastebøssene til Kirkens Nødhjelp på nytt. Dei vil bli lagt ut i våpenhusa i kyrkjene. Og dei kan leverast tilbake til gudstjenestene Palmesøndag, eller elles i påsketida.

La fastebøssa alltid stå framme i fastetida og minne oss om både åndelig og kroppsleg trening, og om medleving med alle menneske slik som sanne kristne har for skikk.

Dette teller både for oss og dei andre. For det er dette profeten vil seie: Ikkje faste for fastas skuld, men for menneskets skuld!

hele gudstjenesten. Og det er greitt formulert i tre ledd. Men dette «programmet» kommer jeg tilbake til på slutten av dette innlegget mitt. Først føler jeg nemlig trang til å si noen personlige ord om min «store oppdagelse». Siden jeg tok til virkelig å høre ordene i inngangsbønna, så har jeg hatt for vane å be klokkerbønna som min «stille bønn» mens presten knelte på bedeskammelen. Jeg følte dette var den beste måten å praktisere det bibelordet på som ber oss å «passe vår fot når vi går til Guds hus». Ellers kunne vi jo snuble og bli opptatt med alle slags uvedkommende ting, som ville spre tankene. Hvordan kommer presten til å preke i dag? Er den og den kommet til kirke i dag? Er det mange til stede i dag? Eller få? Det er «Forkynneren» eller som han heter i min bibel «Preikaren» som sier disse formaningsorda: «Vokt din fot når du går til Guds hus» (kap. 4,17). Det er en vakker skikk når medlemmer av andre kirkesamfunn står et øyeblikk med bøyet hode i bønn, før de setter seg til rette i kirkebenken. For meg er inngangsbønna ei hjelp til å forberede meg for den høgtidsstund som jeg skal ha i Guds hus. Men med det samme vil jeg være så fri å uttale et par ord om utgangsbønna. Og det fordi de to — inngangsbønn og utgangsbønn — stadig blir koblet sammen som om det skulle være samme sak: enten begge eller ingen. Men det er en gal problemstilling. Utgangsbønna føler jeg som helt overflødig. Den er bare en gjentakning av noe som blir sagt mye bedre i «kollekten for Ordet». I kollekten for Ordet takker vi nemlig Gud for Ordet vi har fått høre. Og dernest ber vi om nåde og Helligåndens hjelp til «å ta ditt ord til oss og skikke oss etter det og daglig vokse i kristen tro, håp og kjærlighet». Bedre kan det ikke sies. Utgangsbønna blir det vi kaller et antiklimaks! I den siste tida har det vært tegn til ei oppmyking av liturgien på forskjellige måter. Det var derfor full anledning for en kallskapellan til å gjøre som Leif Lund-Berg gjorde: Etter postludiet kom han fram i kordøra og sa disse orda: «Gå i fred og tjen Herren med glede». Dette innslaget fra den nye prøveliturgen var så fint, syntes jeg. I alle fall var det mye bedre enn at presten skulle si:

Forts. s. 4.

MENIGHETSBLAD

for Orkdal prestegjeld

Utgitt av sokneråda i Orkdal

Redaksjonsnemnd:

Anny Bonde.

Reidar Halgunset.

Redaktør: Inge Eidhamar.

Annonser:

Sigmund Haugset.

Kasserar:

Ivar Fandrem, 7320 Fannrem.

Postgironr.: 32 68 72.

Takk for gaver og kontingent.

Svorkmo Prenteverk A/S, Svorkmo



Orkdal sokneråd

har tatt imot ei anonym gåve på kr. 2000,— til nærare bestemt formål.

Geitastrand sokneråd

har sett opp taksten til å følge kyrkjebussen til kr. 5,— tur/retur. Det same vil gjelde for bussen også i dei andre kyrkjesokna.

Alle sokneråda

har konstituert seg for det nye året. Det blei gjenval av form. og nestform. over heile lina. Det vil seie: Geitastrand: Gunvor Rian, form. Gunnarius Kjøren, nestform. Orkanger: Agnes Singstad, form. Ester Larsen, nestf. Orkdal: Arnt Gangås, form. Einar Stokkan, nestf. Orkland: Martha Fagerli, form. Ola Liøkjel, nestf. I vårt spesielle kvinneår bør ein merke seg kor avansert sokneråda er med 3 forkvinner og ein formann. Det er berre Orkdal sokn som ligg litt i bak- evja.

Telefonar

Soknepresten 82142

Res. kap. 86841 + 2088

Menighetssekr. 80726

Prestekontoret. Orkanger 80671

Ansvar for fellesskapet.

Skisamling — folk dreg lange vegar — halve fylket — helg etter helg. Barna skal trenast opp i skigåing og kappestrid.

Det var hundrevis samla ved skiløypa da eg kom heim frå gudsteneste på den nedlagte skolen i utkanten. Vi var 12 menneske samla, pluss ein hund. Og det var ei god samling.

Hadde alle på Ustjåren møtt opp, var nok skolestua blitt fullsett. Men «tvang til tro» er framleis «dårers tale», og likeins tvang til gudstenestegang, så det skal vi ikkje seie så mye på. Enda kanskje litt — det med dåpsansvar og fadderansvar for barna og dei unge hører vel med.

Men det vi tenkte på var noe anna. Kristenfolket burde lære av skisamlinga. (Dvs. heilagdagfreden burde kanskje ettertenkast litt meir, spesielt ved barnearrangementer).

Altså: Om folk nede på Fannrem eller på Stokkhaugen tenkte; i dag er det gudsteneste på Ustjåren, det er kanskje ikkje så mange som samlast der. La oss dra iver og dele fellesskap! Med ettertanke

Kallskapellanstillinga

reknar vi med blir utlyst på nytt om ikkje så lenge. Det er som kjent von i hangande snøre. Er det kanskje noen som har dette som bønneemne?

Kretssekretær Sverre Røvik

frå Misjonsselskapet har høgmessepreika i Orkland kyrkje 9.2. Same dag kl. 15 har Orkdal fellesforening av NMS årsmøte på Ofstad bedehus. Der blir Ottar Hyldmo og res. kap. med.

Som før nemt

blir konfirmasjonane 4. mai i Orkdal og Orkland; og 11. mai på Orkanger og Geitastranda.

Eldres kyrkjedag

Blir arrangert i Orkland kyrkje 2.3.kl. 15.00. Det blir hyggesamvær i Svorkmo misjonshus etter Gudstene- sta. Alle som vil ha skyss ringer Ranveig Tronvoll, Svorkmo 2023.

Indremisjonens vintermøte

i Trondheim arrangeres i år 22.— 23. februar. Hovedtaler er lærer ved Indremisjonsselskapets Bibelskole i Oslo, Kurt Hjemdal. I forbindelse med vintermøtet arrangeres arbeidsmøte for kretsens ansette, og åpent kvinne- stevne i Salem, Trondheim, 24. febr. Vintermøtet er en stormønstring som samler folk fra de forskjellige deler av kretsen, og vi ønsker varmt velkommen også til årets storstevne!

H. G.

har vi også bruk for det sjølv. Vi har bil, og sanneleg kan vi ta skia fatt. Hunden kan gjerne vere med. Når folk kan dra på skisamling helg etter helg, kvifor går det ikkje an å dra på gudsteneste helg etter helg?

Eller er det så at skisamlinga er så mye meir verdfull enn gudstenesta?

Vi har noe å lære av skitrim, og like gjerne av fotballentusiasme. Det var også eingong sagt: «Søk først Guds rike osv». Det største hinder Gud har for vekking og åndelig liv er kristenfolkets latskap og manglande ansvars- og fellesskapskjensle.



BRØD
for verden

Vinning - tap.

For hva gagnar det et menneske om han vinner hele verden, men taper sin sjel? Eller hva kan et menneske gi i bytte for sin sjel? Matt. 16. 26.



Når det gjelder timelig vinning, da er vi som regel kloke og forstandige. Vi nytter ut best mulig de rikdommer Gud har lagt ned i naturen for å skaffe oss best mulig jordisk velvære. Naturkreftene tas i bruk så de fleste hjem i Norge har nå elektrisk lys, varme og kraft. Vi assurerer mot brann, ulykker og tap. Det er pensjonsordninger, alderstrygd og livsforsikring m.m. Alt dette er goder som vi bør være takknemlig for. Når vi er så omtentksomme og kloke når det gjelder vårt korte jordeliv, da legges det vel ennå større klokskap for dagen når det gjelder vår uødelige sjel og livet etter døden som aldri tar slutt? Ja, var ikke det rimelig? Men er det slik? Nei, - desverre, - her lever og innretter de fleste seg som om de skulle være her på jord bestandig.

I tekstordet vårt forteller Jesus at det viktigste og mest verdifulle av alt er din sjel. Han sier oss at den er mere verd enn hele verden, - mere enn gården, skogen, forretningen og pengene dine. Verdsetter du din sjel slik? Eller er det bare det du kan ta på og

måles i kroner som har verdi for deg? Jesus forteller om en rik bonde som sa følgende til sin urolige sjel: «Sjel, slå deg til ro, et-drikk og vær gla, for du har meget godt liggende for mange år - - ». Det nåverende var alt for ham, derfor ble resultatet at han tapte alt.

Din sjel er verd så mye at Gud gav sin sønn i døden for å frelse den. Det er dette Gruntvig tenker på når han synger: «Var vi på jord ei mer enn to, bygge dog ville han og bo, hos oss med hele sin nåde - - ». Jesus nevner i teksten vår at vi kan ta skade på vår sjel, hvordan går det til? Syndens forferdelige gift har trengt inn i vår sjel. Mot denne dødelige sjelesykdom har Jesus skaffet oss et absolutt probat middel - det er Jesu blod som renser oss fra all synd. Når dette sjelens legemiddel tilbys deg og du ikke tar i mot det, da tar du skade på din sjel. Ved å si nei til Guds frelestilbud forherdes du slik at ingenting biter på deg lenger. Derfor, dersom du har en liten ting til å få reddet din sjel, så vend deg til din store sjelelege Jesus, og han frelser ikke bare din sjel, men også ditt liv. Og selv om det koster å fornekte seg selv og oppgi alt sitt eget, så vinner du alt med Jesus. Paulus sier: «Han som ikke sparte sin egen sønn, men gav ham for oss alle, hvorledes skal han kunne annet enn å gi oss alle ting med ham». Her er den største vinning.

Andreas Konstad.

Inngangsbønna - -

(Forts. fra s. 2).

Takk for i dag. Eller Vel heim! Da falt vi med en gang ned fra gudstjenestens høgtidspreg til det platte og hverdagslige.

Men så til slutt noe som ligger meg på hjerte å få sagt. I inngangsbønna fant jeg den disippelbønna som en lærsvein eller lærling (svensk: «lärjunge») alltid bør be: Lær meg Herre! «Lær oss å be!» bad disiplene. Og hva er det så vi ber om å få lære ved inngangen til vår høgmesse? Jo, det er tre ting. For det første noe som er svært vanskelig å lære: Lær meg ved ditt ord å sørge over mine synder! Det er ikke alltid vi setter oss på kirkebenk med det oppriktige ønske om å bli konfrontert med våre synder, slik at vi sørger over dem, og videre bekjenner dem for Gud. Har vi denne grunnholdning til Gud at vi «alltid har urett», så får jeg se at i hver eneste tekst som leses og utlegges, så er det jeg, og ingen annen, som er «skurken». Det er jeg som er presten og levitten. De som gikk forbi. Og når den barmhjertige samaritan kommer inn i bildet, kan jeg for sannhetens skyld si: Det var i alle fall ikke meg! Det er videre jeg som er den travle Marta. Hun som ble irritert på søsteren og pukket på at hun hadde da vel retten på sin side. Altså en berettiget irritasjon! Nei, den selvsikre har aldri rett hos Jesus! La meg ta enda et eksempel: Det er jeg — tenk så forferdelig! — det er jeg som er den ubarmhjertige medtjener. Han som hadde fått så uendelig mye ettergitt, og likevel var hans hjerte hardt og rommet ikke den store tilgivelsen som Jesus ønsker å finne hos sine benådede syndere. Jeg sa forferdelig: Og nå skal jeg gjøre det klart at det virkelig er noe nifst å finne det harde, utilgivende sinnelag hos en kristen: Jesus har selv sagt som en utfyllende kommentar til sitt Fadervår: «For dersom dere tilgir andre de synder de gjør, da skal også den Far dere har i himmelen, tilgi dere. Men dersom dere ikke selv tilgir, da skal heller ikke han tilgi de synder dere gjør». Når jeg ber Fadervårs femte bønn, står ofte den ubarmhjertige medtjeneren for meg og Jesu egne ord om den som ikke tilgir og som dermed utelukker seg selv fra nåden og tilgivelsen. Så begynner da hver gudstjeneste med å tale om synd og våre synder, ikke bare i inngangsbønna men også i syndsbejennelsen. Men det er

GAVER til bladet

ORKDAL:

Jenny og Martin Fossum kr. 20. Peter Neraune 20. Aslaug Skaugen 10. John Svorkås 10. Maren og Lars Gangås 10. A.K. 10. N.N. 50. Jorunn Solem 20. Berte og Bj. Sommervold 20. J. Ustad 20. Maren og Lars Garberg 20. Aagot Hansen 10. Karen Svorkmo 10. Vilhelm Sæterbakk 25. Aslaug og O. Sluphaug 20. Nora og John Sundli 20. Ingeborg og Ole Øyen 10. Solveig Jarstein 10. Mikal Meland 10. Sigrun Eidevik 10. Gudrun og O. E. Sundli 20. Inger og Sverre Fandrem 10. Martin Sommervold 10. Olav Venn 10. Arne Skjenald 10. Martin Meland 10. Sverre Harang 10. John Johnsen 10. Kasper Hassel 10. Jorunn og John Almli 20. Lava Mogset 10. Beret og Arne Garberg 20. Kåre Melbye 25. Oline Selbekk 15. Borghild og M. Simonsen 20. Erik Lefstad 20. Inga og Ole Almli 20. I. og B. Grønningen 20. Johs. Ofstad 20. Birger Ustad 20. Marit og Jakob Samskott 20. Aud og Ingebr. Melbye 20. Ivar Hollum 20. Klara og H. P.

jo bare for at du og jeg skal komme videre. Vi skal nemlig for det andre lære å tro i liv og død på Jesus, for han er det Guds Lam som sonet all synd, og dermed også min. Han ble kalt Jesus, for han skulle frelse sitt folk fra deres synder. Det var han som gikk omkring og delte ut «Guds gave» (Johs. 4,10), syndenes forlatelse, med ordene: «Sønn/Datter, dine synder er deg forlatt!»

Det tredje ledd i gudstjenestens «program», er noe jeg må lære pånytt og pånytt. Det er «å vokse daglig i kjærlighet til min neste og i all god gjerning». Den oppmerksomme leser — om noen har fulgt meg så langt — vil se at jeg her har gått bort fra formuleringen i vår vanlige klokkebønn. Jeg er nemlig ikke helt fortrolig med avslutningsordene i denne. Personlig sette jeg i mitt stille sinn inn de ordene jeg her har hentet fra dagens kollekt på Trefoldighetssøndagen. Det går nemlig så dårlig for meg med å «forbedre meg». Derimot kjennes jeg ved at det er en åndelig vekst ved Den Hellige Ånd.

Dermed har jeg fått sagt noe som ligger meg på hjertet om vår høgmesse. Men jeg har mere på hjerte. Og alt er da sett «fra kirkebenk».

agn

SØLVVARER
til
BARNEDÅP BRYLLUP
KONFIRMASJON
Gullsmed

John
ROHME

7300 Orkanger

Svorkmo Prenteverk A/S

Vend Dykk til oss når det gjelder trykking av blad, tidsskrifter, forretningstrykk m.m.
Telf. og post: 7330 Svorkmo.

Ansvar — Varde

Avholdsfolk bruker sine egne forsikringsselskaper for hus, heim, næringsvirksomhet, bil, motorsykkel og traktor. Snakk med våre representanter: Brage Fagerli, Svorkmo t. 2113. Sigmund Haugset t. 82362 eller distr.repr. Ivar K. Gangås t. 82175

Konstads Bokhandel

Orkanger.

Bøker - Papir
Skolemateriell

Velkommen til vår forretning.
Vi står alltid til tjeneste.
Gjør innkjøpene hos oss.

Svorkmo
Handelsamlag

Forts. s. 7.



Foreiningsliv — eit vern om demokratiet

Ovanfor har vi avbilda ei spinnande misjonsforeining. I Norge har vi ein imponerande kvinneforeiningsaktivitet.

Det står kvinner bak gjennomføringa av kyrkjelege og sosiale tiltak overalt. Kvinneforeiningane var våre første ambassadørar i misjon, og slik også i u-hjelp.

Slik har sosial trivsel hatt god grunn i foreiningssamanheng, slik har makt blitt delegert frå toppen til grasrot. Vi er redd for eit svekka foreiningsliv, noe som tida synes å berre i seg.

Gjennomføringa av mange slags tiltak er ført over frå foreiningane til stats- og kommunefunksjonærar. Mangt av dette har vore rett, og uråd å unngå, og ofte også ei forbedring.

Men i denne utviklinga taper ein også den enkeltes initiativ, sosial fellesskapskjensle, tenesteglede, den lokale insikt i å sjå kvar skoen trykker m.m. Det er så mangt ugjort ennå som krev innsats.

På barne- og ungdomssektoren, i eldreomsorg, miljø for unge familiar, misjonsteneste, i edruskapsarbeidet. Vi trur foreiningslivet har ei ny, stor framtid berre ein kan tilpasse det. Ikkje minst er det påkrevd p.g.a. den lokale fellesskapskjensle. Foreiningane hjelper oss til å leve saman på rett vis.

Offerkvitteringar 1974

Det Norske Misjonsselskap

Orkland 2.744. Orkdal 5.486. Orkanger 873. Geitastrand 500. Tils. 9.603. (8.678)

Den norske santalmisjon

Orkdal 1.338. Orkanger 200. Geitastrand 315. Tils. 1.853. (1.221)

Norsk Luthersk misjonssamband

Orkland 462. Orkdal. 1.962. Tils. 2.424. (2.495)

Den norske Israelmisjon

Orkdal 745. (200)

Bibelmisjonen (D. N. Bibelselskap)

Orkdal 797. Orkanger 190. Geitastrand 1.596. Tils. 2.583 (2.094)

Kirkens Nødhjelp

Orkland 2.299. Orkdal 3.117. Orkanger 1.280. Geitastrand 1.555. Tils. 8.251 (3.710)

Russens misjonsaksjon

Orkdal 1.403. I alt til misjon og nødhjelp 25.741 (18.755)

Indremisjonsselskapet

Orkland 560. Orkanger 204. Geitastrand 310. Tils. 1.047 (2.472)

Norges kr. ungdomsforbund

Orkdal 382. Orkland 501. Tils. 883 (681)

Norsk søndagsskoleforbund

Orkland 876. Orkdal 630. Geitastrand 610. Tils. 2.116 (1.201)

Samemisjonen

Orkdal 733 (715)

Den norske sjømannsmisjon

Orkdal 532. Orkanger 205. Geitastrand 478. Tils. 1.215 (1.677)

Norges kr. stud. og skoleungd. lag

Orkland 216. Orkdal 1.060. Orkanger 277. Tils. 1.553 (854)

Menighetsfakultetet

Orkland 400. Orkdal 1.646. Geitastrand 265. Tils. 1.311 (2.354)

Kristne arb. forbund

Orkdal 534 (462)

Barnevernsinstituttet — Trondheim

Orkland 243. Orkdal 620. Orkanger 425. Geitastrand 417. Tils. 1.705 (—)

Rødde folkehøgskole

Orkland 670.

Norsk kr. Radio — og fjernsynslag

Orkland 467. (—)

Snåsa guttekor

Orkdal 1.088. (—)

Ungdomskoret Agape

Orkdal 350 (—)

Det Hvite Bånd

Orkdal 773 (—)

Intsitutt for Kr. oppseding

Orkdal 646 (970) I alt til kyrkjeleg og org. messig arbeid 15.908 (15.622)

Lokalt menighetsarbeid

Orkland 3.123. Orkdal 3.603. Orkanger 1.845. Geitastrand 590. Tils. 9.161 (7.510)

Svorkmo KFUM/K

Orkland 670 (—)

Søvasskjølen fjellkirke

Orkland 364. Orkdal 452. Orkanger 222. Geitastrand 221. Tils. 1.259 (—)

Orkanger menighetshus

Orkanger 387 (—)

Orkanger Ten Sing

Orkanger 265 (—)

Orkdal kyrkjens orgel

Orkdal 3.327. Orkanger bl. kor 508 (426) Tils. 15.495 (7.930)
Offer i alt: Orkland 13.596. Orkdal 30.224. Orkanger 6.946. Geitastrand 6.857. Tal i (—) 1973.

ORKDAL MINNEFOND

De får blankettar hos:

Gunnar Melås, Kåre Gjønnnes, Johan Fagerholt, Ane Øyasæter, Fannrem bokhandel, Einar Bjørndal, Fridtjof Digerås, Peder Tronvoll, Borghild Asp-hjell, Dagny Korsli, Lars Bonvik.

ORKLAND MINNEFOND

Blankettar hos:

Klara Aamodt, 7330 Svorkmo.

ORKANGER MINNEFOND

Blankettar hos:

Harald Hukkelås.

Takk til Geitastrand menighet

Når eg no har slutta av som klokkar, vil eg gjerne takke. For å nå fram til alle må eg bruke Menighetsbladet.

Det vart til at eg fekk stå i tenesta i 23 år, først ei tid som vikar og seinare fast tilsett. Etter kvart kjende eg at eg vart glad i arbeidet. Det var min beste ven, sokneprest Hatlebrekke som innsette meg i tenesta. Ordet han gav meg med i arbeidet var Kolosearbr. 4, 17, og det har i alle åra vore meg til trøyst og formaning.

Etter ei tid måtte eg ta over som kirketjenar og gravar. Det var meint som ei førebels ordning, men det vart til at eg måtte stå i med det i alle år. Det var noko vanskeleg å sameine des-

SØVASSKJØLEN

FJELLKIRKE

postgiro 3675436 GJØLME.
EI KIRKESAK FOR ALLE
I ORKDAL.

Møteserien for fjellkirka

Hittil har fjellkirkemøta gått fint. Folk har fått skikkeleg orientering om planane, og mange gaver er gitt. Vi har film, og songkrefter har vore med på alle møta. Det som står igjen er: 5. 2: Kjørmoen. 12. 2: Hoston. 19. 2. Svorkmo. 26. 2. Fannrem. (Me-gården bedehus). Alle møter kl. 20. Vi minner også om gaver til utlodninga. Og eventuelt andre gode tips.

se postane, særleg ved gravferder, men gode vener hjalp meg så det gjekk etter måten bra.

Så vart det til at kona tok seg frammi og hjalp til meire og meire som kirketjenar og alt anna, så no vil eg slutte å skrive eg, og gå over til Vi.

Gjennom åra har vi kome i kontakt med dei fleste heimar. Vi har prøvd å utføre vår teneste så godt som vi forstod, makta det. Vi kunde så gjerne heldt fram lengre, men helsa, og åra rår vi ikkje med.

Vi vil med dette sende vår hjartelegaste takk til Geitastrand menighet for den store pengegåva vi fekk. For pengane kjøpte vi oss ting vi kan bruke, sjå på, og glede oss over kvar dag. Og så til sist ein varm takk til prestane, organist, og medhjelparar, for godt samarbeid, for gode ord, og for kjær gåve, eit Ny Testament.

TAKK!

Frøydis og Johan Kjøren.

GAVER - -

Forts. fra s. 5.

og Nils Jerpstad 20. Berit Metlid 10. Karen Anna Norberg 20. Laura og Bernt Blomli 15. Reidun Ljåmo 10. R. Grønland 10. Ola Metli 10. Marius A. Solem 10. B. og O. Byamo 10. Ola Samskott 10. Helmer Blåsmo 10. Målfrid og Arne Aunemo 10. John Sundli - Aunemo 10. John K. Forvemo 10. Trygve Hansen 10. Ruth og Mikal Kvåle 10. Ella Kvåle 10. Ola Hage-trø 10. Sverre Tufåt 10. D. Dahlø 10. B. og A. Kvåle 10. B. og O. Eggamo 10. Ida Mellingsæter 10. Arnt M. Gjønnnes 10. Gunda Vasli 10. Johan Sognli 10. Anders Kleiven 20. Karen og Arne Kårmo 20. Åsmund Selbekk 20. Audny og T. Sluphaug 10. Kjell Fandrem 10. Karen L. Gjønnnes 10. Bent Bentsen 20. J. Øyasæter 20. Anders Fuglås 20. Sivert Mælen 20. Marit og Johan Solbu 20. Bernh. Vinterdal 20. Per Martin Vinterdal 20. Alb. Mjøen 20. John O. Forvemo 20. Sigfrid og Jørgen Digerås 20. Magnhild og L. Løftamo 10. Sigm. Rye 10. Guri Bye 10. Nils Hansen 10. Anna M. Bye 10. Laurits Aasen 10. E. Kvakland 40. Andr. Koksæter 20. Beret og Hans Aunemo 20. Sivert Groven 20. Marit og Johan Hukkelås 20. Aslaug Bratbost 20. Erik Solhus 50. Margit og Ola Sundli 10. Beret Eide 10. B. Solhusløkk 10. Guri og Bjørn Husdal 10.

Kvinneår og kristendom

Bibelen oppvurderer kvinna sterkt i forhold til dei samtidige kulturar. Jesus og den nytestamentlege menighet ga kvinnene ein plass som tidlegare var heilt uhørt. Gjennom heile den kristne kyrkjens historie har kvinnene utgjort ein klar majoritet. Rett nok har dei ikkje alltid glimra i toppsjiktet, men har alltid vore den solide og berande understrøm. Og ikkje skal vi gløyme at noen av kyrkjens store kvinner har handla så sterkt gjennom sine søner og sine menn at dei på mange måtar har prega utviklinga meir enn dei, enda dei var bak kulisane.

Den kristne kyrkje må stille seg åpen til kvinneåret og vår tids kvinnefrigjering. Dette på grunn av sitt bodskap og sine tradisjonar. Den moderne kvinne-rørsla har særleg bruk for den kristne kyrkje som utgangspunkt. Det vil trygge mot tabber og felleskjær. Det kristne menneskesyn med sitt konsekvente syn om likeverd uansett kjønn, rasar, samfunnslag og språk er framleis det beste stadi i alt fellesskapsliv. Det vil trygge ei rett vekselverking mellom mann og kvinne, noe som mange moderne kvinneforkjemparar har synda stort mot.

Kvinneåret krev spesiell innsats frå kyrkjens kvinner og menn, slik at kristent menneskeverd framleis får vere utgangspunkt og mål. Og slik at konsekvent respekt for enkeltmennesket blir sett i høgsetet.

N.N. 10. Sigv. Gangåssæter 10. Marius Søvasli 10. Kari Solstad 10. Toril og Jan By 10. Anna Wormdal 10. Eli Asbjørnslett 40. Gudrun og Martin Jensen 20. T. Rønning 20. Kari og Erling Andersen 20. Marit og R. Kvernmo 20. Ole S. Sommervold 10. Oline Rønning 10. Klara Sundli 10. A. Hovde 10. Annette Hansen 10. Reidun og Einar Gravidal 50. Guri og Jon Kusæter 20. Per Elvbakken 20. John O. Haugen 15. Erik Storbekken 15. Kåre Espen 20. Randi og Jon Oddan 20. Eli Ekli 10. Sigrid Kjelstad 10. Sara og Lars Ustad 10. Anne Hansen 10. Klara Eilertsen 10. Anna og Rarald Røhme 10. Oddvar Sæther, By 15. Per By 20.

Til minne om!

Vi synes nok enda minnefonda blir bruka litt forlite ved gravferder. Ikkje fordi vi vil blande oss bort i folks private omdøme, men fordi vi ser på minnefonda som eit godt tilbod.

Blomster ved gravferder er rett og godt. Men formye av det gode blir ikkje godt. Vi veit om etterlatte som har blitt vaksinert mot blomster i lange tider. Og da blir det korkje trøst eller tener noen annan hensikt. Vidare vil vi spørre om det er rett resursbruk å grave ned alle dei vakre blomstrane. Vi tippar at det i Orkdal prestegjeld blei brukt for ca. kr. 200.000 i blomster ved gravferder i 1974. Det halve var i alle fall nok.

Her er minnefonda eit godt tilbod. Ein vakker blankett kan kjøpast til helsing om medkjensle. Fonda som pengane går til skal brukast til utsmykking av områda ved kyrkjegardar og kyrkjer. Det er sokneråda som står ansvarleg for opplegget.

Per Kjelstad 20. Jøstein Berg 20. Ingrid Rindal 20. Olav Baksæter 20. Arne Hokelegg 15. Magne Dørdal 25. Bodil og Rolf Kjelstad 15. Magnhild og Sigm. Haugset 25. Ruth Haldogård 15. Iver Haugen 10. Edv. Almli 10. Peder Aasen 20. Inger og Sigurd Sæther 20. Ola P. Solem 20. Olav Lefstad 25. Nelly Sivertsen 10. Jarle Brattli 20. Johan Almli 10. Johan A. Ekli 10. Einar Olsen 10. K.K. 10. Kristofer Prestmo 10. Lars Gjønnnes 20. Anna Nerøien 10. Marie og Sv. Gjønnnes 20. Kåre Garberg 40. A. Skålholt 10. Erika og Aage Nørve 20. Lars Sommervold 10.

ORKLAND:

Beret Berbusmæl kr. 10. Einar Mjøen 10. Bjørg Eilertsen 10. Gunnar Bjørkhaug 10. Mary Øverby 25.

Hjertelig takk!

Bladets utgifter i forløpne år til trykning av bladet og til porto til bladets forsendelse var kr. 21.602.—.


I 1973 var disse utgifter kr. 13.869,—. (Bladet utkom med bare 7 nr.).

Det er alt bebudet portoforhøyelser, slik at en må regne med ca. 24.000,— i utgifter.

Gaver til bladet viste betydelig oppgang og med inntekt av annonser gjorde at regnskapet pr. 31/12 kunne vise balanse.

Jeg vil takke alle som med gaver viste interesse for bladet og gjorde det mulig for oss som stiller med det finansielle å kunne holde bladet gående.

Kassererern.



Orkland mannskor 25 år

Øverbygda hadde før 1950 fleire kor, m.a. Moe misjonskor med Bernt Høstton som dirigent. På den tid flytta Jens Indergaard til bygda. Han kom frå Lensvik, og der hadde han tidlegare dirigert mannskor. Moe misjonskor fekk forlite damestemmer, og så blei Orkland mannskor stifta med Indergaard som dirigent. Første samlinga vart halden 9. jan. 1950. Sidan er Orkland mannskor blitt eit begrep i bygda og distriktet.

Det er øvingar kvar 14. dag heime hos medlemmene. I det siste er det blitt folk med frå heile Orkdal. Det er no 18 songarar. Men Orkland mannskor er eit utadventt kor. Kva for eit anna kor kan vise til 20 - 30 deltakingar årleg ved møter, gudstenester og konsertar?

Koret har ein klar kristen formålsparagraf. Det er ikkje tilslutta noen spesiell kristen organisasjon, men er medlem av Trøndelag Kr. Sangerforbund. I lovene står det: «som medlemmer kan opptas enhver som har sangens gave, og vil leve etter og bygge på Guds ord og den evangelisk-lutherske bekjennelse». Her er det ingen slinger i valsen! «Vi har eit veldig godt miljø i koret», seier Jens Indergaard, «vi har hatt svært lite knirk». Dessutan vil han presisere «at det står koner bak mannskoret». Det er altså halve forklaringa på suksessen.

Til lykke!

GUDSTENESTER

9/2 - Fastelavnssøndag.

Orkland kyrkje: Sverre Røvik og res. kap. Nattverd.

Offer til Det norske misjonsselskap. Orkdal: Rogstad. Nattverd.

onsdag 12/2

Den Gode Hyrdes kapell kl. 19. Fastegudstjeneste v. Rogstad.

16. 2. 1. søndag i faste
Orkland kl. 11. Rogstad.

23. 2. 2. søndag i faste
Orkland kl. 11. Eidhamar.
Orkanger kl. 19. Eidhamar.

2. 3. søndag i faste

Orkanger kl. 11. Rogstad. nattverd.
Geitastrand kl. 11. Eidhamar. nattverd.

Buss frå Gjølme.

Orkland kl. 15. Eldres kyrkjedag. Nattverd.

Onsdag 5. 3.

Orkdal kyrkje kl. 20. Fastegudst. v. spr. Rogstad. Nattverd.

9. 3. Midtfastesøndag

Orkland kl. 11. Rogstad.
Solsjøbygda kl. 11. Eidhamar.
Orkland kl. 19. Sang og musikkudst. v. rk. Orkanger musikkorps/Orkanger blandakor.

Alt i kolonial

Gode tilbud.

M. Aldén

Orkanger.